

## Varsel om oppstart av reguleringsarbeid for industriområde for gjenvinningsstasjon, med gnr. 22 bnr. 2, 79 og 22, Fusa kommune.

I samsvar med § 12-8 i Plan og bygningslova, vil me med dette informera om at Omega Areal AS skal utarbeide forslag til reguleringsplan for del av området Eikelandsosen næringspark, Eikelandsosen. Planområdet går fram av vedlagte kart, og omfattar del av gnr 22, bnr 2, 79 og 22. Varsel om oppstart er lagt ut på heimesida til Fusa kommune og Omega Areal.

Tiltakshavar er Fusa kommune.

Området er i kommuneplanen sin arealdel sett av til industri og friområde. Føremålet med planarbeidet er å tilretteleggja for endring av industriområde og friområde i samband med utviding av gjenvinningsanlegg.

Fusa kommune har konkludert med at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.


For nærare informasjon kan du kontakta Omega Areal AS, tlf 975 40 000

Eventuelle merknader til oppstart av planarbeidet kan sendast til  
**Omega Areal AS, Kvassanes, 5582 Ølensvåg - innan 04.01.2013.**

Etter at meldingsfristen er ute vil sjølve planforslaget verta utarbeidd og innsendt til Fusa kommune. Etter første gongs handsaming vert planen utlagt til offentleg ettersyn. Det vil då vere høve til å komma med eventuelle merknader og motsegn mot planforslaget før endeleg handsaming av planen.



Oversiktskart



Planområde

Stor nok til å levere,  
liten nok til å bry seg

adresse Omega Areal AS  
Kvassen, 5582 Ølensvåg

telefon 97 54 00 00  
faks 85 02 88 44  
e-post areal@omega.no

internett omegaareal.no  
org.nr. 986 930 264